

Eidsborg, 23.11.22

Sluttrapport for prosjekt 21/15459 «Digitalisering og bevaring av digitalt skapt arkivmateriale i Vest-Telemark»

Mål og gjennomføring

Delprosjekt 1

I delprosjekt 1 hadde me som mål å komme i gang med digitalisering og tilgjengelegjering av privatarkivmateriale på papir og å utvikle ein arbeidsmetode og retningslinjer for publisering hjå Digitalarkivet som er tilpassa Vest-Telemark Museum.

Me valde arkivet etter Seljord Idrettslag som case. Seljord Idrettslag er ein viktig lokal aktør i Vest-Telemark. Arkivet til laget er stort og svært komplett og inneheld materiale frå stiftingsåret 1902 og fram til i dag.

Vest-Telemark museum tok i mot laget arkivmateriale fram til 2005 i 2015. I delprosjekt 1 skulle me ta imot resten av materiale frå 2006 og fram til i dag, ordne heile materialet etter arkivfagleg standard, samtidig som nøkkeldokument vart digitalisert og tilgjengeleggjort på Digitalarkivet.

Gjennomføring og resultat

Me tok i mot resten av det papirbaserte arkivmateriale frå Seljord Idrettslag i 2020. Materialet vart grovordna i samarbeid med representantar frå laget, før me ordna det vidare, registrerte det i Asta og publiserte arkivet på Arkivportalen.

Samtidig inngjekk me ei samarbeidsavtale med Digitalarkivet. Me skanna sentrale dokument frå Seljord Idrettslag sitt arkiv, hovudsakeleg årsmeldingar og eldre protokollar. Desse vart publisert på Digitalarkivet, inkludert registrering av metadata, indeksering og vurdering av tidsavgrensa klausulering for nokon av protokollane. Til saman publiserte me 63 arkinstykke som bestod av 2248 filer.

I samband med digitaliseringsprosessen utvikla me ein intern rettleiar for utval av arkivmateriale til publisering og vurdering av nødvendig klausulering og ei handbok som skildrar arbeidsflyten i digitaliseringsprosessen med retningslinjer for lagring av skanna filer på VTMs server, praktisk bruk av bokskannaren og bruk av Digitalarkivets verktøy.

Delprosjekt 2

Målet med delprosjekt 2 var å utvikle ein metodikk for bevaring av digitalt skapt privatarkivmateriale hjå VTM. Også i delprosjekt 2 jobba me med arkivet til Seljord Idrettslag. Laget har utover 2000-tallet og fram til i dag gradvis gått over frå papirbasert til digital arkivering og har relativt god kontroll på sitt digitalt skapte arkivmateriale. Laget jobbar også aktivt med vidareutvikling, blant anna ved å opprette ein felles mappestruktur for filer frå alle avdelingane i Dropbox og eit pågåande arbeid med å opprette og ta i bruk felles e-postar for nøkkelroller.

I Delprosjekt 2 tok me imot det digitalt skapte arkivmateriale frå Seljord Idrettslag skapt fram til mars 2022. Målet var å ordne og registrere materialet samt finne ei løysing for langtidsbevaring hjå VTM, og gjennom prosessen utvikle ein metodikk for mottak og bevaring av digitalt skapt arkivmateriale. Dette skal vera i tråd med OAIS-standarden og eigna for trygg langtidsbevaring, samtidig som det er enkelt nok å gjennomføre for ein liten institusjon med avgrensa IT-ressursar.

Gjennomføring og resultat

For å koma i gang byrja me å hente inn informasjon om ulike måtar å jobbe med digitalt skapt arkivmateriale på og kva slag erfaringar andre allereie har på feltet. Me arrangerte eit møte med Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek for å lære om korleis dei jobba med digitalt skapt arkivmateriale i sine prosjekt. I tillegg bruka me rettleiarar som Arbak har laga om digital arkivdanning og -bevaring, «The digital preservation handbook» utvikla av University of Glasgow og ei rekke annan litteratur. Basert på dette utvikla me eit utkast til ein metodikk og arbeidsflyt som me så testa og justerte undervegs i arbeidet med arkivmateriale frå Seljord Idrettslag.

Vest-Telemark Museum – administrasjon - Årets Museum 2012!

Eidsborg, Museumsvegen 9, 3891 Høydalsmo tlf. 35069090 – Norsk Skieventyr, 3848 Morgedal, tlf. 35069080

Org.nr 985231931 – bank 16441322570

post@www.vtm.no – www.vtm.no

Målet var å finne ein arbeidsprosess som sikra trygg langtidsbevaring i tråd med standardar, samtidig som den ikkje var for arbeidsintensiv, ikkje kravde for store IT-ressursar og var relativt enkelt å holde oversikt over. Me testa ei rekke program for virussjekk, generering av sjekksummar og filkonvertering, prøva ut arbeidsflyten på ulike måtar og vurderte langtidslagring på VTMs server. Me landa på ein arbeidsprosess som er relativt lett å forhalda seg til og som vi meiner eignar seg godt for arbeid med den typen privatarkivmateriale som VTM hovudsakeleg jobbar med, som først og fremst består av mindre mappe- og filstrukturar frå lokale organisasjonar og lag.

I samband med arbeidsprosessen har me utvikla ei handbok som beskriver arbeidsflyten og metodikken for bevaring av digitalt skapt arkivmateriale hjå VTM i detalj og som inkluderer brukarretteiing for programma som brukas, retteiing for registrering av digitalt skapt materiale i Asta og malar for depotlogg, aksesjons- og arkivbeskriving.

Me har ordna og registrert heile materiale frå Seljord Idrettslag og det ligg nå 5,93 GB, til saman 3979 filer til langtidslagring hos oss.

I tillegg har me basert på erfaringar frå arbeidet med arkivet til Seljord Idrettslag og retteiarar som Arbak har publisert, skrive ei kort retteiing om digital arkivdanning retta mot organisasjonar og lag i Vest-Telemark. Me vonar å vidareføre samarbeidet med Seljord Idrettslag om bevaring av deira arkiv, og ynskjer i tillegg å opprette kontakt med fleire moglege aktørar i Vest-Telemark som me ynskjer å ta imot arkivmateriale frå.

Etter at prosjektet er gjennomført, har VTM nå moglegheit til å ta imot fil- og mappearkeiv frå lokale aktørar som frivillige organisasjonar, idrettslag og liknande og bevare desse trygt på eigen server og me vil i framtida inkludere digitalisering i arkivprosjekta våre i større grad enn fram til i dag. For mottak av større arkiv, samt sikker og trygg bevaring over eit lengre tidsspenn vil det likevel være ynskjeleg å utvikle metoden vidare og på sikt få ein nasjonal eller regional felles samordning og felles løysing for langtidsbevaring av digitalt skapt arkivmateriale.

Oppsummering av resultat

- Heile arkivet frå Seljord Idrettslag er ordna og publisert på Arkivportalen. 5 hyllemeter papirbasert materiale og 5,93 GB digitalt skapt arkivmateriale
- 65 arkivstykke med 2248 filer er publisert på Digitalarkivet
- Retningslinjer for vurdering av skanna materiale til publisering

Vest-Telemark Museum – administrasjon - Årets Museum 2012!

Eidsborg, Museumsvegen 9, 3891 Høydalsmo tlf. 35069090 – Norsk Skieventyr, 3848 Morgedal, tlf. 35069080

Org.nr 985231931 – bank 16441322570

post@www.vtm.no – www.vtm.no

- Handbok om digitalisering av papirbasert materiale hjåVTM
- Handbok om mottak og bevaring av digitalt skapt arkivmateriale hjå VTM
- Rettleiing i digitalt arkivarbeid for lokale organisasjonar og lag

Rekneskap

119- Digitaliseringsarkivet

Oppstart :

Prosjekt leiar : Lene Kleivi

	DRIFTSINNEKTER	Regnskap	Budsjett
25.02.2021	Arkivverket	200 000	
28.02.2022	Arkivverket	250 000	
31.12.2021	Overført fra prosjekt 107		
	SUM DRIFTSINNEKTER	450 000	0
	Personalkostnader	491 394	
	Møter/kurs	10 285	
	Telefon	900	
	SUM DRIFTSKOSTNADER	502 579	
	Ubenyttede midlar 31.10.2022	-52 579	

for Vest-Telemark Museum


Dag Rørgemoen
direktør/konservator NMF


Lene Teigland
prosjektleder/arkivar

Vest-Telemark Museum – administrasjon - Årets Museum 2012!

Eidsborg, Museumsvegen 9, 3891 Høydalsmo tlf. 35069090 – Norsk Skieventyr, 3848 Morgedal, tlf. 35069080

Org.nr 985231931 – bank 16441322570

post@www.vtm.no – www.vtm.no